



ETNE KOMMUNE

Høyringsfrist 07.06.2015

Høyring - Forskrift om kva skule dei ulike områda i Etne kommune soknar til.

Etter Opplæringslova § 8-1 fastset Etne kommune forskrift for kva område skule dei ulike områda i Etne kommune soknar til.

§ 1 Verkeområde

Rygg skule er vedteken nedlagt frå 01.08.2015. Frå same dato vert elevane frå Rygg skule overførte til Enge skule (K-sak 027/15). Etne kommune får såleis to skulekrinsar frå 01.08.2015. I tillegg er Etne del i Skare-Fjæra skulekrins (eiga forskrift K-sak 060/13).

Dei ulike områda i Etne kommune vil høyra til følgjande skular (nærskule):

Enge skule

- Enge krins
- Sørstranda krins
- Rygg krins
- Grønstad krins
- Sævareid krins
- Markhus krins
- Fjæra krins frå 8.-10. årssteg

Skånevik skule

- Skånevik krins

Skare skule

- Fjæra krins frå 1.-7. årssteg

§ 2 Plikter og rettar

Elevar for tilbod om skulegang ved nærskulen sin, sjå § 1.

Etne kommune opphevar praksis med fritt skuleval (K-sak . Etter Opplæringslova § 8-1 3. ledd kan ein elev etter søknad likevel takast inn på annan skule enn den eleven soknar til. Dersom søknad om skulebyte skal innvilgas, vil føresette måtta betala meirkostnad ved skuleskyss.

Elevar frå Fjæra skulekrins på 1.-7. årssteg får tilbod om skulegang ved Skare skule. Elevar frå Fjæra skulekrins på 8.-10. årssteg får tilbod om skulegang ved Enge skule.

Elevar frå Fjæra som pr 30.09.2013 går på Enge skule, vil ha Enge som nærskule resten av skuletida.

§ 3 skuleskyss

Rett til fri skyss i Etne kommune har elevar som har lengre veg mellom heimen og skulen enn:

- 1. klasse 2 km
- 2. klasse 3 km
- 3.-10. klasse 4 km

I tillegg er nokre vegstrekningar klassifiserte som trafikkfarlege og gjev fri skyss heile året eller deler av året. (Sjå retningsliner for skuleskyss)

§ 3 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 01.08.2015.

Fastsett i kommunestyret __.__.____